

Rønnaug Kleiva tilrår truskap og eit langt liv.

Råd frå ein fagperson



Rønnaug Kleiva meiner ho skriv realistiske noveller om død, forfall, avsky, ekteskap og attr.

Foto: Agnes Ravatn

LITTERATUR

AGNES RAVATN

agnes@dagogtid.no

I den nye novellesamlinga *Ikkje for varmt, ikkje for kaldt*, held Kleiva fram i same stil som i *Fangeteneste* frå 2001: korthogde og kjølige noveller om det vanskelege forholdet mellom mann og kvinne. Her vrimlar det av kynisme og rasjonalisering, kroppslig forfall, død, men også mengder av god mat og vin.

– Synest du det er heilt feil å seie at i desse novellene finst det eit pessimistisk grunnsyn?

– Det kjem an på korleis du definerer pessimistisk – eg synest novellene er realistiske. Mange vil nok seie at dei er veldig negative. Det synest ikkje eg. Men eg har ikkje eit idealisert syn på verken menn eller kvinner – eller barn. Berre positive ting er ikkje noko særleg å lese, og iallfall kjedeleg å skrive.

– Eg reiser veldig ofte på Balkan, og då tenkjer ein mykje på det vonde. Folka ein treffer når ein reiser gjennom desse landa, er hyggelege og greie og gjestfrie og opne. Og så veit ein at for ikkje lenge sidan var dei på kvarandre som hund og katt, dei drap og valtok og dreiv på. Og så stilte vi oss uforståande til det? Vi veit jo at vi er slik under visse omstende, alle saman, og me kjenner historia til kulturnasjonon Tyskland. Og likevel er me så uforståande til at menneske har vondskap i seg. Vi vil ikkje sjå det.

– Vil du avdekkje slike san-

ningar i litteraturen din?

– Ja, det er formålet mitt, det er der eg synest at eg kan gjere noko. Det er viktig å ha kunnskap om seg sjølv, om eigne motiv og mulegheiter, på godt og vondt. Og kanskje særleg på vondt, for det gode ser me lettare sjølv. Her kan litteraturen hjelpe oss ein del. Dei menneska som veit lite om seg sjølve, handlar i hytt og pine.

– Manglar folk sjølvinn-

sikt?
– Ja. Men det trur eg nok folk vil seie om meg òg. Eg ser at andre manglar det, og så ser andre at eg manglar det.

– Er den kvardagslege vondskapen eit hovudprosjekt for deg?

– Det er det eg har mest greie på. Og grunnen til at eg flyttar mellom kjønna på hovudpersonane kjem av at eg trur «vondskap» er kjønnsuavhengig. Eg trur verken på dei gode kvinnene eller dei kloke mennene.

DÅRLEG GRUNNLAG

– Kva meiner du sjølv er det positive i desse novellene?

– Det finst ei slags overlevingsevne i menneska. Ein kan kanskje kalle det resignasjon, men dei overlever, ikkje på eit nullpunkt, men ganske langt nede. Det å greie seg ser eg på som ein positiv eigenskap. Det er betre å overleve på eit dårleg grunnlag, enn å bli fæl og stygg og galen og drepe seg.

I ei av novellene, «Notat vedrørande kjærleik», er ei kvinne på utanlandsreise, og

kjøper ei forbrukarrettleing i sjølv-mord med heim som gåve til mannen sin.

– Er ikkje skildringane av forholdet mellom mann og kvinne nesten amoralske?

– Tja, moral. Folk oppfører seg ikkje heilt vilt mot kvarandre, heller. Men det er klart, å leggje forholda til rette for at mannen din skal ta sitt eige liv – det er ikkje vanleg. Men det skjer. Alle veit at eit ekteskap kan vere lite pent.

– Men likevel held det fram med å vere eit naturleg mål, kvifor?

– Du spør så vanskeleg. Det er til tider veldig godt. Godt nok til at det er verd å halde ut litt av kvart.

OPPFØRE SEG

– Ifølgje forlaget handlar novellene om kjærleik. No må du seie noko om kva kjærleik er.

– Du vil at eg skal svare slik at du får greie på det, men eg veit det ikkje sjølv. Eg må seie det på ein annan måte: Det er å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre, både mot venner og partnarar og barn. Å oppføre seg skikkeleg, ikkje nødvendigvis som ein engel. Om ein prøver å vere snillare enn ein er, vil korsettet stramme slik at feitet fer ut på sidene. Det vil bli oppdaga med ein gong. Det høyrer flatt ut, men: omsorg og respekt. Det erotiske er noko heilt anna. Der har du nokre drift-greier som...

– Det er veldig mykje utruskap i novellene dine?

– Det er òg realistisk. Sjølv

om dei fleste ønskjer å vere trufaste, så skjer det noko, og så greier dei det ikkje likevel. Utruskap er ikkje ideelt. Eg tilrår truskap! Etter to ekteskap og mykje anna, eit råd frå ein fagperson.

– Kvifor er koplinga mellom seksuelle drifter og død så sterk?

– Nei, det er jo liv og død, det. Eg veit ikkje om eg kan forklare det. Det er vesentlege ting, livsdrift og dødsdrift. Det er viktig for meg, rett og slett.

– I forholda mellom menneska i novellene er det ofte ei blanding av avsky og attrå?

– Når eg skriv, gjer eg det beste eg får til, og eg skriv utan å vere sky. Men eg blir sky når eg skal snakke om novellene etterpå.

– Det ein iallfall kan seie om novellene, er at dei nok riv ned dei fleste ekteskaplege illusjonane ein ung lesar kanskje måtte ha.

– Eg seier meg lei for det. Men det kan eg seie deg til trøyst, at livet blir kjekkare og kjekkare etter kvart, og fridomen blir større, på alle måtar. Den einaste ulempa no er at ein har altfor kort igjen å leve. Det er så kort tid! Når eg tenkjer på kor mykje eg har att eg vil skrive, og så mykje kunnskap og livserfaring og skriveferdigheit, og så må ein til med å prioritere kva ein skal gjere? Ein skal vere veldig heldig for å kunne skrive til ein er åtti. Kanskje dør eg når eg er seksti. Akkurat når ein begynner å kome i form, skal ein døy! Det er forferdeleg.